

H.K. DEBUTANTEN.

Mel: Kjæm du i kveld så står nykkyln i døra.

Ja så sit og hor etter HK-stafetten
HK-stafetten, stasa og fjong.
Å tenk og har funne at spensten og spretten
og pulsen og pusten, no tar vi ein song.
Vi kvitrar eit kvad om dot våreventyret
som dårer oss alle kvart einaste år,
der tusentals ungdomar møtetst så yre
som mauren i tuva, når startskotet går.

I går var eg spretten og sprengfull av troning,
sprengfull av trening. Musklar i leik
i atletisk ynde og kraft i forening.
I dag var eg vissen og nomen og bleik
med nervar i heilspenn, og heilt ut av lage
av øresus, tannverk og kardialgi
og strødd oppå toppen, til pine og plage,
låg sneven av isjias og sterk allergi.

I kring meg,- så spreke som kalvar i kvea
kalvar i kvea, karane sto.
Men sjøl var eg mjuk som ein ulldott i knea,
med hjarta så vidt berra pikka og slo.
Så, brått small eit skot gut, og dermed gjekk starten -
just no som eg ynskte det heile var slutt,
og før eg rett visste så var eg i farten
Jau no vart det liv - no var krisa akutt.

Eg pesa og sprang til eg mest hadde sprengt meg,
mest hadde sprengt meg. Gloande heit.
Det kjendes som magen med eit ville vrengt seg,
eg rende for livet mot døra du veit.
Da gjekk det opp for meg. Nei det er stafetten,
stafetten og berre det eine det gjeld.
Eg måka på kol mellom elleve og tretten
og kom fram til tolv, men da var det og kveld.

Eg ga han i frå meg ein stad bort i gata,
stad bort i gata. Lite formell.
Eg såg ikkje land - men ein perso na grata
reiv kjøppen i frå meg til takk og farvell.
Ja det var eit bask gut - men no er det over
no sviv eg så lett som ein fug'l i sky.
Men om eg tar i meg att alt det og lover
så stiller eg opp att til våren på ny.